

Slik kan Nye Førde sjukehus bli

Styret i Helse Førde ønskjer eit nybygg i åtte etasjar ved Førde sentralsjukhus. Eit slikt bygg vil gje pasientar som treng behandling for kroppslege sjukdomar, moderne utstyr og lokale.



Slik kan Livabygget, nybygget for somatikk ved Førde sentralsjukhus komme til å sjå ut.

Illustrasjon: Nordic Arkitekter

- Eg er svært glad for at vi har komme så langt. Eit slikt bygg vil vere eit stort framsteg for pasientbehandlinga i vårt område, seier styreleiar Agnes Landstad.

I vedtaket frå dagens møte ber styret administrerande direktør finne ein funksjonsmessig og økonomisk forsvarleg måte å gjennomføre ei utbygging av nybygget for somatikk, Livabygget. Ei utbygging i åtte etasjar gjer at ein stor del av pasientbehandlinga vil verte flyttet frå Svanabygget, hovudbygningen frå 1979.

Stort utviklingsarbeid

- Helse Førde har som mål å bygge det beste bygget vi kan få innanfor den kontrakten vi har med entreprenøren Veidekke, seier administrerande direktør Arve Varden.

Helse Førde tildelte rett før jul i fjor ei samhandlingskontrakt på siste del av sjukehusutbygginga i Førde til Veidekke. Dette er ein type kontrakt der byggherre og entreprenør saman utviklar eit råbygg til eit ferdig bygg.

- Gjennom utviklingsarbeid med tilsette, rådgjevarar og entreprenør, får vi ei svært god løysing for pasientar og pasientbehandling, meiner Varden.

Intensjonskunngjering

Prosjektet har i utviklingsfasen endra seg frå stor grad av ombygging og mindre nybygg, til ei mindre ombygging og eit større nybygg. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ei intensjonskunngjering for å trygge anskaffinga. Ei intensjonskunngjering er ei kort utlysing

for å sikre at Helse Førde kan gjennomføre det endra prosjektet med basis i samhandlingskontrakten.

Helse Førde har henta inn tre uavhengige juridiske vurderingar som konkluderer med at anskaffinga er innanfor lovverket. Alle desse tilrår også ei intensjonskunngjering.

- Vi vel å gjere dette no i god tid før gjennomføringskontrakt skal signerast og i ein fase der ei eventuell rettsleg prøving vil ha minst økonomiske konsekvensar, seier administrerande direktør Arve Varden.

Publisert 02.09.2020

Sist oppdatert 02.09.2020